



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2020	Administrasjonsutvalet	PS	01.12.2020
35/2020	Levekårsutvalet	PS	08.12.2020
17/2020	Arbeidsmiljøutvalet	PS	08.12.2020
26/2020	Eldrerådet	PS	14.12.2020
18/2020	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	14.12.2020
19/2020	Ungdomsrådet	PS	08.12.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-151	20/703

### FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2021 - UTTALE

#### Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021

Gebyrregulativ for vass- og avlupstenestene i Vaksdal kommune i 2021

Orientering om betalingssatsar helse og omsorg

Gebyrregulativ-plan-byggesak-kart-framlegg 2021

Melding om vedtak - FPØ si innstilling til kommunestyret - Budsjett 2021

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tek saka til orientering og gjev følgjande innspel:

#### Administrasjonsutvalet - Sak 15/2020

#### ADM - Behandling:

##### Lillian Seim, Fagforbundet la fram følgjande innspel:

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet.

Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

##### Erlend Hesjedal-Johannessen, H, la fram følgjande innspel:

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet.

Utvalet drøfta saka.

### **Røysting**

Utvalet vedtok samrøystes å ta saka til orientering.

Fagforbundet sitt innspel vart sett opp mot Høgre sitt innspel.

Fagforbundet sitt innspel fekk 7 stemmer (Hege Eide Vik, SP, Kjartan Haugsnes, SV, Thor Andersen, AP, Ståle Hesjedal, AP, Lillian Seim, Fagforbundet, Magne Hestad, Fagforbundet, Marianne Foss Borge, Utdanningsforbundet), og vart vedteke lagt som uttale.

Høgre sitt innspel fekk 3 stemmer (Erlend Hesjedal-Johannessen, Trond Olav Magnussen, H, og Boris Groth, Frp), og falt.

### **ADM - Tilråding/Vedtak:**

Utvalet tek saka til orientering og gjev følgjande innspel:

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet. Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

### **Ungdomsrådet - Sak 19/2020**

#### **UNG - Behandling:**

#### **UNG - Tilråding/Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering

#### **Saksopplysningar:**

Formannskapet si tilråding til budsjett for 2021 er ute til offentlig ettersyn frå 26.11.20.

Formannskapet si tilråding frå møte 25.11.20 vert lagt ved saka.